



ØyNytt

Nummer 5
Desember 2022
49. årgang

Informasjon for Hjelme og Blomvåg sokn



God jul!

I desember er mange barnehagar med på julevandringar i Blomvåg kyrkje, her frå 2021.



8 K2 testar julebrus

4 Stor aktivitet i matbanken før jul

5 Julesong "Den største gáva"

6 Jul på søppeplassen i Kairo

9 Glimt frå konfirmanthelg

10 Norvald er blitt pensjonist

14 Johannes vart heidra i sitt nærmiljø

Skjer i kyrkja



Opplivingar og fellesskap der du bur

For full oversikt over alle julekonsertar i kyrkjene i Øygarden kan du gå inn på skjerikyrkja.no

Skjer i kyrkja er Den norske kyrkja sin nasjonale arrangementsportal. Målet er at du her enkelt kan utforske og finne arrangement som passar deg, der du er.

Du kan velge kommune og søkje på alle gudstenester, arrangement og konsertar i den kyrkja du vil gå i.

LEIAR

Erling Vik
Soknerådsleiar



Å kjenna seg elska av Gud og menneska.

I Hjelme og Blomvåg sokn er dette målsettinga for vårt arbeid, og i våre møte med den enkelte av dykk.

Det som er heilt sikkert er at Guds kjærleik til oss er ubetinga. I Bibelen blir vi minna om at han såg oss frå vi var eit forster i mors liv, og han kan me rekna med og stola på.

På den andre sida kan ikkje i eit sokneråd vedta at du alltid vil kjenna deg elska av dine medmenneske. I våre møte med kvarandre har me mange ulike kjensler, og det er også lett for oss menneske å trø feil. Difor kan det vere godt å halde fram Bibelen sine ord om «at det du vil andre skal gjera mot deg skal du også gjera mot dei».

Så lat oss leggja vinn på godheit mot kvarandre både i ord og handling. Det vil vere til stor berikelse for oss sjølve og for våre fellesskap.

Mitt ynskje til dykk alle er at de må kunne kjenna dykk elska av både Gud og menneska, og at våre fellesskap må væra eit godt møtepunkt der du får kjenna nettopp dette.

Ynskjer dykk alle ei god førjulstid.

Varme fellesskap i kalde kyrkjer

I vinter vert temperaturen i kyrkjene lågare enn kyrkjegjengarane er vande med. Kyrkjeverja oppfordrar folk til å kle seg godt når dei skal til kyrkja.



Fellesrådet sine straumkostnadar er tre gonger så høg inneverande år som dei var i 2019. For å få ned kostnadane har fellesrådet vedteke at kyrkjene skal halde ein temperatur på 18-19 grader. Det er dermed blitt merkbart kaldare i kyrkjene.

Besøkande i kyrkjene må ta høgde for at kyrkjene er kaldare enn dei er vande med. Varmen i det å møtast er likevel like sterk som han alltid har vore. Vi oppfordrar difor alle til å ta på seg varme klede, komme til kyrkja og vere med på å skape dei varme fellesskapa som vi alle ønskjer å vere ein del av.

Annlaug Børve, kyrkjeverje

Sei noko om Jesus!



Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutseleg ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan

den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar». Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus.

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug

<p>ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulltdistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.</p> <p>Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.</p> <hr/> <p>Neste ØyNytt kjem ut:</p> <p>3. mars</p> <p>Redaksjonen vert avslutta to veker før.</p> <hr/>	 <p>ØyNytt</p> <p>– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn</p> <p>Utgjevar: Hjelme og Blomvåg sokneråd</p> <p>Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve</p> <p>Redaktør og grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim</p> <p>Trykk: Aksell</p>  <p>Kontingent: Kr 300 i Hjelme og Blomvåg sokn / kr 350 utanfor Hjelme og Blomvåg</p> <p>Takkeannonsar: Kr 100</p> <p>Annonsar: Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no</p> <p>Bankkontonummer: 1503.84.37590 for kontingenter og gåver</p> <p>Opplag: 2600 pr. nummer. 5 nummer i året.</p>	 <p>DEN NORSKE KYRKJA</p> <p>Øygarden kyrkjelege fellestråd</p> <p>Telefon: 400 03 316</p> <p>E-post: post.oygarden@kyrkja.no</p> <p>Besøksadresse: Øygarden kyrjekontor, Temahuset på Straume</p> <p>Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume</p> <p>Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på: www.kyrkja.no/oygarden</p> <p>Facebook:  HjelmeogBlomvagSokn</p>	<p>Soknepresten i Hjelme og Blomvåg: Espen Sigve Tveten</p> <p>E-post: et838@kyrkja.no</p> <p>Telefon: 91 61 78 00</p> <p>Leiar i soknerådet: Erling Vik</p> <p>E-post: erl-vik@online.no</p> <p>Kyrkjevevjerje: Annlaug Børve</p> <p>E-post: ab766@kyrkja.no</p> <p>Telefon: 473 04 530</p> <p>Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellestråd: 976 995 430</p> <p>Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps #699755</p>
--	--	---	---

Stor aktivitet i matbanken før jul

På Straume driv Basecamp matbank. Folk frå heile Øygarden har glede av dette tilbodet. Inn mot jul reknar dei med ekstra stor pågang.

Tekst: Espen Tveten

Foto: Basecamp




Basecamp har som målsetjing å hjelpa ungdom inn i arbeidslivet. Dei har tre tiltak som gjev arbeidserfaring: sykkelverksstad, design- og redesign-butikk og matsentral. Basecamp er eit samarbeid mellom Sartor storsenter, kommunen og Den norske kyrkja.

Håkon Lyngøy er ansvarleg for den nyoppstarta matbanken. Den er ein vinn-vinn-situasjon. Her får ungdom god arbeidserfaring og behovet for mat ute blant folk er stort. I matbanken har dei vore nøydd til å prioritera kven som

skal få mat. Basecamp samarbeider med ulike organisasjonar om kven som har størst behov for å få gratis mat.

Fram til oktober i år har matbanken delt ut over 2000 posar med mat. Maten kjem frå butikkar i kommunen. Fram mot jul vil dei dela ut meir mat enn vanleg. I tillegg vil nokon få nokre ekstra gåver. Matbanken har fått leikar og andre ting som eignar seg godt som julegåver og som vil gjera jul litt betre for nokon.

Sorggruppe



Kyrkja i Øygarden planlegg å starte sorggruppe med oppstart i desember. Grappa er for deg som har opplevd å miste nokon du er glad i. I ei sorggruppe møter ein andre som har mista nokon. Mange finn trøyst og støtte i å møte andre menneske som er i same situasjon, og å kunne dele erfaringar og tankar om sorga. Ei sorggruppe er ei samtalegruppa der medlemene snakkar saman og hjelper kvarandre ved å dele sine eigne erfaringar. Den består av 4-6 personar som møtast regelmessig, 10 gongar, og vert leia av ein diakon og ein frivillig. I denne grappa er det diakon Astrid Fylling og kreftsjukepleiar Inger Fosse som blir med. Grappa samlast på Straume slik at det blir greitt å nytte offentleg transport. Det vert ikkje stilt krav til tru for å få vere med i sorggruppe i regi av kyrkja, grappa er livsynsopen. Uansett kva du har opplevd og korleis sorga di ser ut, er du velkomen. Tilbodet er gratis.

Om du er interessert i å delta i sorggruppe, kan du sende mail til Astrid Fylling: af226@kyrkja.no. Alle som melder seg, blir kontakta.

Tysdag 13. desember
kl. 06.30-07.15


Morgonmesse i Blomvåg kyrkje

Husorkester, andakt og nattverd.
Eit godt pusterom i adventstida.



Den største gåva

No når det nærmar seg jol
så er jolesongar noko av
det kjæraste me har.



Me fekk nyss om at Bjarne Skjold, som er busatt på Skjold nord i Øygarden, hadde laga ein jolesong. Så me tok kontakt med han, og jau, det hadde han. ØyNytt er glad for at me her får lov å presentere denne fine jolesongen. Takk til Bjarne. Songen har tittelen "Den største gåva". Den handlar om Jesu fødsel, den gåva og gleda det er at han kom til jorda, til frelse for oss menneske. Øystein Steinsland, organisten vår, har skrivne songen ned på notar etter eit cd-opptak.

Tekst: Øystein Steinsland

DEN STØRSTE GÅVA

NB! Shuffle 8-delar vers 1 og 3

Tekst og melodi: Bjarne Skjold

D Hm Em A7

1.No skal me gå i lag heilt fram til stal-len og sjå det ves-e bar-net som er
3.Så går me bort frå krub-ba og frå stal-len, men det er trygt når me har Je-sus

4 D D Hm Em A7 D

der. Me bøy-er oss går inn den lå-ge dø-ra, og tenkt der finn me Frel-sa-ren så kjær.
med! For Han har lo-va va-ra oss på ve-gen, Den go-de hyr-ding vil oss al-le vèl!

9 1. D Hm Em A7 D G D Hm

2.Bar-net søv trygt, eng-lar held vakt. Nat-ta er mørk, men hå-pet det tind-rar for

15 E7 A7 D Hm Em A7 D

oss i det ves-le barn. Da-gen gryr fram, frel-sa er her!

21 G D H7 Em A7 D

Gud gav sin Son, så me sku'gå fri, Han legg gå-va i han-da di!

25 2. D Hm Em A7 D H7 Em A7

f 4.Så kan me jub-la, Frel-sa-ren er her. Ve-gen er op-na og Gud til oss

32 D D Hm Em A7 D

ser. Den stør-ste gå-va har me al-le fått,

37 H7 Em A7 D

då Gud gav sin kjær-re Son til frel-se for oss.



Foto: Ottar Vik

Jul på søppel- plassen i Kairo

Jul vert feira under alle himmelstrøk – det gjeld òg i søppelbyen i Kairo. Jula sett ikkje preg på samfunnet slik som hos oss, men for dei kristne er det viktig å markere jul. Det gjer dei med julegudstenester i kyrkjene og med å dele ut klede og sko.

Tekst: Espen Tveten
Foto: Stefanusalliansen

Å vere kristen i Egypt er ikkje enkelt. Dei kristne er ein minoritet og mange blir mobba og trakassert for si kristne tru. Dei har det vanskeleg med å få seg arbeid. Dette har ført til at mange kristne må bu på søppelplassen og leva av å sortere søppel.

Sjølv om det er trusfridom i Egypt, skjer det diskriminering på mange plan. Det er mellom anna veldig vanskeleg å få lov til å byggja og renovera kyrkjer. Barn frå kristne familiar kan i skulen plutselig bli bedt om å gå på gangen. Der kan de måtte stå i mange timar. Melder ein frå til politiet om mobbing, vert saka ofte skrinlagt eller oversett.

Kyrkja i Hjelme og Blomvåg støttar misjonsprosjektet Stefanusbarna. Me må aldri bli oss sjølv nok, og misjonsprosjektet hjelper oss med det.

Konfirmantane har ei dør-til-dør-aksjon i fastetida før påske og me har kollekt i kyrkjene.

I november deltok Christine Gripsgård Lunga frå Stefanusalliansen på ein fellesskapskveld i Blomvåg kyrkje. Ho takka for innsatsen kyrkjelyden gjer og kunne fortelje at me så langt i år har fått inn over kr 50 000,-. Med dei pengane støttar me barnehagar, grunnskule, yrkesopplæring, helse-sjekk, opplæring og leirverksemd. Stefanusbarna har vokse til eit stort prosjekt med rundt 2000 medarbeidar.

Til jul pleier Stefanusbarna å ha ekstra utdeling av mat, klede og sko. Klede og sko er som oftast laga på Stefanusbarnas eigne yrkes-skular. Mange barn droppar ut av grunnskulen. Ved yrkesskulane får dei

lære eit yrke som dei kan bruke i arbeid seinare i livet slik, som å sy klede og lappe sko.

Stefanusbarna har eit kjernebibelvers. Det er frå Filipperbrevet: «Alt maktar eg i han som gjer meg sterk». Dette har dei korta ned til det engelske slagordet «I can» (jeg kan). På samlinga i Blomvåg vart Espen overrekk ein slik medalje på vegne av kyrkjelyden.

Me vil stå saman med forfølgde kristne i Kairo. Inn mot jul kan me be denne bønna for dei. «Kjære Gud. Me ber for dei mange menneske som bur på søppelplassane i Kairo. Takk for at Stefanusbarna gjev dei glimt av din kjærleik. Me ber for menneske som vert forfølgde for trua si. Gje dei von og tru på framtida. Amen.»

K2 testar julebrus

Fjorårskonfirmantane på K2 har fått i oppdrag å teste eit utval på fire av årets julebrusar i blindtest. Panelet gav terningkast frå 1-6, og vi har rekna ut snittkarakteren for kvar brus.

1. Lerum utan sukker

Denne får sprikande terningkast. Den lukter snop og har fin farge, men enkelte synest den er for prega av å vera sukkerfri.

Terningkast: 4

2. Ringnes utan sukker

Panelet er samstemt, og vil til nedre del av skalaen for denne. Lite lukt og lite smak.

Terningkast: 3

3. Hamar og Lillehammer

Denne merkar seg ikkje særlig ut, verken positivt eller negativt. Ein heilt ok julebrus.

Terningkast: 4

4. Hansa

Testen sin soleklare vinnar. Smaken er fantastisk og både lukt og farge er perfekt.

Terningkast: 6



I smakspanelet: Anna Marit Dale, Ingrid Johanne Holmen, Daniel Sætre og Ole Gunnar Austrheim Higrav. Tekst og foto: Hogne Berland.

KVA SKJER?
Barn og unge

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

27.-29. januar: 5. klasse
10.-12. februar: 7. klasse
17.-19. mars: 6. klasse
21.-23. april: 8. klasse

Påmelding:

kyrkja.no/hjelmeogblomvag

REFUEL

6. januar
20. januar
27. januar
10. februar
24. februar
10. mars
24. mars

Stad: Rong senter
Tid: 19.30–22.30

KRIK

13. januar
3. februar
17. februar
3. mars
17. mars
31. mars

Stad:

Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30–21.30

GOSPEL TEENS

10. januar
24. januar
7. februar
21. februar
7. mars
21. mars

Stad: Blomvåg kyrkje

Tid: 18-20

SMÅBARNSSONG

17. januar
31. januar
14. februar
14. mars
28. mars

Stad: Blomvåg kyrkje

Tid: 17.30

Glimt frå konfirmantleir!

Helga 18.-20. november var konfirmantane våre på leir på Sætervika ungdomssenter i Samnanger. Her er nokre glimt frå helga!



Manglande ØyNytt i postkassane

Vi har fått tilbakemelding om at mange ikkje har fått det førre nummeret av ØyNytt. Dette synest vi er veldig leit, ØyNytt har eit godt innhald som vi ønskjer å nå lesarane våre med.

ØyNytt ligg tilgjengeleg på nettsidene våre og du kan lese det digitalt her: kyrkja.no/oynytt



Bibeltimar neste kvartal

Vik bedehus og Blomvåg bedehusforeining

Dei samarbeider om bibeltimar neste vår. Torsdagar annankvar veke vil dei invitere til bibeltime.

Sion Øygarden

Bibeltimar siste måndagen i januar, februar og mars.

Nautnes bedehus kl. 19

- Torsdag 26. januar ved Erik Furnes
- Torsdag 23. februar ved Maria Tveten
- Torsdag 30. mars ved Ole Corneliusen
- Torsdag 27. april ved Arnfinn Norheim
- Torsdag 25. mai ved Audun Hjellvik



Formiddagstreff

Me har det triveleg ilag med middag, song, andakt, og underhaldning i Hjelme kyrkje.

- 12. januar
- 2. februar
- 2. mars
- 13. april
- 4. mai
- 1. juni

Song og salmekveld

Her syng me kjente og ukjente songar og salmar i Hjelme kyrkje. Nokre kveldar er det samme songforfattar som får fokuset heile kvelden. Då blir det litt informasjon om forfattaren og korleis songane/salmene er blitt til. Det er alltid ein gjest som fortel om sin song og kvifor den er viktig. Det blir pause med litt kaffi, te og frukt.

- 7. februar
- 7. mars
- 18. april
- 17. mai - med fest



Den reiseglade pensjonist

Vi takkar for mange gode år med Norvald Snekkevik som driftsleiar for kyrkjer og gravplassar i Øygarden og ønskjer han ei god pensjonisttid!

Tekst: Yngvild Mørner Sørheim

Foto: Privat

Kor lenge har du arbeid i kyrkja og kva har oppgåvane dine vore?

Eg begynte som kyrkjetenar i Landro og kyrkjegardsarbeidar i Fjell Sokn så langt tilbake som i 1992. Stillinga var 50%, men ho vart etter kvart utvida til full stilling. Det var ein kjekk jobb som eg var tilsett i til 1998 - seks og eit halvt år. Då det skulle tilsetjast seksjonsleiar for kyrkje og gravplassar vart eg oppfordra til å søkja. Dette

var ei nyoppretta stilling. Eg søkte, og fekk jobben. Dette var i 2009. Etter 10 år borte frå staben i Fjell var det kjekt å komme tilbake. Det var ein mykje større stab enn den eg forlèt 10 år tidlegare. Ny kyrkje var det også komen (Foldnes). Den første tida hadde eg kontor i Foldnes kyrkje. Oppgåvene eg fekk som seksjonsleiar var mange og varierte. Eg hadde mellom anna ansvar for drift av kyrkjer

og gravplassar og personalansvar for kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar.

Tida frå 1992 fram til 2009 hadde kyrkja endra seg vesentleg. Det var mange fleire folk i staben, ny kyrkje og fleire nye gravplassar å ta hand om. Dette gjorde arbeidet variert og interessant. Så kom kommunesamanslåinga og også samanslåing av fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden. Det var plutselig

mange fleire kyrkjer, gravplassar og tilsette å ta hand om. Vi vart store. Jobben med samanslåinga var interessant og lærerik, men baud også på utfordringar. Ei av dei viktigaste oppgåvene eg har følt på i mi stilling er oppgradering av gravplassane i kommunen. Dei fleste gravplassane er utvida i denne perioden og vi har også fått ein ny kyrkjegard på Foldnes og på Landro. Dette er reine parkområde som krev mykje stell og vedlikehald som eg meiner må prioriterast også i tida framover.

Kva er høgdepunkta du ser tilbake på i din kyrkjekarriere?

Det er mange ting ein kan trekkja fram når det gjeld høgdepunkt etter lang fartstid i kyrkja. Men i driftsseksjonen vil eg nok trekkja fram flytting av klokketårn i Landro. Dette har det vore jobba med i meir eller mindre 30 år. Elles vil eg trekkja fram det gode kollegafellesskapet vi har hatt i staben og det gode samarbeidet med eksterne leverandørar. Det har vore ein kjekk og innhaldsrik jobb eg har hatt i alle desse åra, som eg ser tilbake på med takksemd.

Du har no blitt pensjonist, kva planer har du for tida framover?

Det er ei tid for alt, og så kom pensjonisttilværet til meg også. Når eg skriv dette ferierer eg og kona i varmare strøk, og det er fint. No tar eg ein ting om gongen og rekner med at eg ikkje blir «arbeidsledig» med hus, stor hage, barn og barnebarn tett på. Jau, dette skal gå seg til. Eg er glad i å reise, gå på turar og køyre bubil og dette håpar eg at eg skal få meir tid til framover. Takk for gode år i kyrkja i Øygarden!



TREFF+ er ein frivillig organisasjon som i samarbeid med Øygarden kommune, Rong Senter, Sund Senter og Sartor Storsenter tilbyr seniorane ulike kultur- og handletilbod.

Program for vinter 2022:

- Data oppfriskingskurs: 01. desember 2022 klokka 10.00-13.00 på innbyggartorget og biblioteket, Sartor Storsenter.
- Litterær matpakke: siste torsdag kvar måned på innbyggartorget og biblioteket på Sund Senter og Sartor Storsenter.
- Juleavslutningar 11.00-12.30: framsyning ved Seniorkameratane:
 - 7. desember Rong Senter, moteshow ved Bricks
 - 8. desember Sartor Storsenter
 - 14. desember Sund Senter

Obs: inga påmelding, alle er velkomne og får ei lita gåve!

Program for vår 2023:

- Datakurs for vidarekomne «Ikkje lat deg lura – IT-tryggleik på nett»: Februar til april 2023. (Det vert påreknad ein eigeandel).
- Litterær matpakke: siste torsdag kvar måned på innbyggartorget og biblioteket på Sund Senter og Sartor Storsenter
- Årsmøte Treff+: 29. mars 2023 klokka 13.00 på innbyggartorget og biblioteket, Sartor Storsenter
- Planlegg moteshow sommaren 2023.
- Treff+ kort: for medlemmar med ulike tilbod. Kortet kan du få på innbyggartorga og biblioteket. Ein må registrera seg (gratis).

Vi ønskjer alle seniorar i Øygarden hjarteleg velkomne til Treff+ - aktivitetar.



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar

- Koldtbord
- Koldttallerken

Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258

Vi formidler blomster til innland og utland



INTERFLORA
Blomsterbua
RONG senter
Telefon : 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravesbyrå på Sotra.
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden
TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjernet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Din lokale elektriker!

Thunestvedt
Vestgar

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
vestgarelektro.no
vestgar@thunestvedt.no

Fag Revisjon as
Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



BLOM
SERVISESENTER AS
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted




Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no



SPAR

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

- Ferskvarespesialisten
- Velsmakende varmmat
- Fristende frukt og grønt
- Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20

posten toto trumf Bank i butikk SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Asane
DØGNÅPEN
TELEFON
BEGRAVELSESBYRÅ 55 18 90 00

OMSORG VED LIVETS SLUTT

WWW.ASANEBEGRAVELSE.NO
BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05 | HILDESBLMSTER.NO
VI LEVERER BLOMSTER FRAKTFRI TTIL
ALLE VÅRE SEREMONIER

Kjøp kjapt,
trygt
og billig

KIWI mini
pris

Ved Rong senter
Tlf. 56 38 71 20
Mandag – lørdag
kl. 07.00–23.00



NORGESHUS
Øygarden

Telefon: 56 38 28 00 - Pålset 2, 5337 Rong
e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshusoygarden.no

Montér

Øygarden Byggsenter AS

Pålset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,
lørd 09.00-14.00

PH
ÆDER

SOLSTRANDS
BEGRAVELSESBYRÅ

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Ønsker du
sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler
eller solseng med høy kvalitet.
Du ringer - vi bringer!
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790

E-mail:
post@oygarden-elektriske.no



Vidar Vik Torsvik
murmester

Dalekletten 44
5337 Rong

TORSVIK MUR
Alt i mur, puss og flisearbeid.
Rehabilitering/fornyning av
gamle skorsteiner/piper

Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?

KIRKENS
SOS
22 40 00 40

Vest Modul AS
5336 Tjeldstø

- Tilbygg N
 - Nybygg I
 - Rehabilitering
 - Montering og utleige av brakker
- ormann 958 19 905
ngvard 958 10 967
Trelastlager Tjeldstø





Døtrene til Johannes Kleppevik: Marlen Kleppevik og Sigrid-Marthe Kleppevik.

Johannes vart heidra i sitt nærmiljø

Nærare 300 personar møtte opp i grått ver i Klokkarvik søndag ettermiddag 9. oktober, då det var høgtidleg avduking av skulpturen av Johannes Kleppevik. Skulpturen er laga av Vidar Bratlund.

Tekst Ottar Vik
Foto: Vignleik Brekke

Ordførar Tom Georg Indrevik, som fekk hjelp frå dei fire barnebarna til Johannes til å avduka skulpturen, sa at uansett om ein er bymann eller stril, så har ein høyrte om Johannes Kleppevik. Folk har høyrte dei flotte visene hans og dei fleste har nok vore med og sunge desse som allsong.

Johannes Kleppevik representerer det fellesskapet vi har. Gjennom engasjementet sitt for kyst- og strilekulturen har vi mykje å takka Johannes for. Han var, som de veit, ein av dei sterke drivkreftene bak Torgdagen som no er av dei viktigaste hendingane i Bergen, sa ordføraren før han siterte frå songen «Eg har ein engel.»

Eg har ein engel med meg på vegen
Han var der frå fyrste stund
Frå vogge til grav han lyser
Til slutt i min siste blund.

Eg har ein engel med meg på vegen
I ungdom og song og vår
I livet han fylgjer med meg
I gode og tunge år.

Eg har ein engel med meg på vegen
Når kvelden vert vond å gå
Han styrer mitt steg i natta
For dagen eg takkar då.

Eg har ein engel med meg på vegen
Når livet mitt ebbar ut
Han syner meg himmelstranda
Her er ikkje sorg og sut.

Dei eldre har ei mektig stemme som må brukast



Karen Torsvik (99) saman med fungerande ordførar Torill Selsvold Nyborg då Eldredagen vart markert i Øygarden.

Som eldre skal me vera aktive og engasjerte deltakarar i samfunnet. Me har erfaring og kunnskap som styresmaktene må lytta til. Og me må engasjera oss og ta samfunnsansvar.

Det sa fungerande ordførar i Øygarden, Torill Selsvold Nyborg (Krf) i festtalen på pensjonistfesten i kulturhuset på Rong 30. september.

Omlag 1,2 mill nordmenn er i dag 60 år og eldre, og personar som vert over 80 år vil doblast fram mot år 2040.

–Me har vore med på ei utruleg utvikling etter krigen, og me har stått på som berre det: som einskildmenneske, familiar og som nasjon. Og så har det internasjonale kome mykje nærare innpå oss og blitt ein del av kvardagen vår. Pensjonistane har hatt eit spennande liv og meir skal det bli, sa Nyborg og minna om at me bur i ein kommune med kjempehøg aktivitet og med beina planta midt i eit industrieventyr.

Nyborg minna om at dei eldre ikkje er ei einsarta gruppe, men representerer tre-fire generasjonar med livshistorier, erfaringar og ressursar.

Tekst og foto: Ottar Vik



Velkommen til **GUDSTENESTE!**

SØNDAG 11. DESEMBER

Vi syng jula inn i Hjelme kyrkje kl. 17.00. Song av Sara Troland og Aud Karin Lønvik. Mykje allsong. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

TYS DAG 13. DESEMBER

Morgonmesse i Blomvåg kyrkje kl. 06.30. Med andakt, nattverd og song leia av husorkesteret.

SØNDAG 18. DESEMBER

Vi syng jula inn i Blomvåg kyrkje kl. 17.00. Belinda Hellesund på kornett. Song av Sara Troland og Aud Karin Lønvik. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

JULAFTAN 24. DESEMBER

Julaftangudsteneste på Tednebakkane kl. 11.00 ved Knut Kaldestad.

Julaftangudsteneste i Blomvåg kyrkje ved Espen Tveten.
kl. 14.30 med song av Karen Oliva Solheimslid.
kl. 16.00 med song av Gospelteens.
Offer til misjonsprosjektet i Thailand.

Julaftangudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 16.00 ved Knut Kaldestad. Belinda Hellesund er med på kornett. Offer til misjonsprosjektet i Thailand.

JULEDAG 25. DESEMBER

Høgtidsgudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 12.00 ved Espen Tveten. Offer til Kirkens SOS. Nattverd.

2. JULEDAG 26. DESEMBER

Høgtidsgudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 12.00 ved Knut Kaldestad. Offer til Kirkens SOS. Nattverd.

NYÅRSDAG 1. JANUAR

Høgtidsgudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 12.00 ved Espen Tveten. Nattverd.

SØNDAG 8. JANUAR

Julefest for små og store i Hjelme kyrkje kl. 16.00. Julepregang, julespel, mat, song av småbarnssongen.

SØNDAG 15. JANUAR

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Dåp og nattverd.

SØNDAG 22. JANUAR

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00. Nattverd.

SØNDAG 29. JANUAR

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00. Nattverd.

SØNDAG 5. FEBRUAR

Sprell levande gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Utdeling til 4- og 5-åringar. Dåp.

SØNDAG 12. FEBRUAR

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00. Nattverd.

SØNDAG 19. FEBRUAR

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Nattverd.

SØNDAG 26. FEBRUAR

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Nattverd.

SØNDAG 5. MARS

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00. Nattverd.



LIVETS GANG

DØYPTE

Blomvåg

- Emmy Vabø Hennø
- Oskar Andersen
- Benjamin Turøy Blom
- Daniella Anoaana Ervik Mjønes-Westre
- Silas Jonas
- Colin Philip Knarvik

Hjelme

- Oline Marie Oliveren Rong
- Lykke Sophia Sture
- Lasse Svellingen

VIGDE

Blomvåg

- Synne Wollertsen og Robert Larsen Andersen

DØDE

Blomvåg

- Godtfred Moldøen, f. 1932
- Magnhild Håheim f. 1926
- Gerd Janet Grøneng f. 1955
- Jorunn Liv Sjo f. 1946
- Eiliv Lønningen f. 1937

Hjelme

- Sanna Margrethe Hjelme f. 1923

ØyNytt tek ikkje lenger med bustad-adresse til dei døypte og døde.

En jul
å glede
seg til

Mange familier går en tøff tid i møte. Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til **13130**

Gi på konto **3201 52 74165**


 **Blå Kors**

Endringar kan komme. Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre:

www.kyrkja.no/oygarden

Du kan også lese
om kyrkja si
verksemd på:
kyrkja.no/oygarden

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Julefest

Velkomen til julefest
for store og små
i Hjelme kyrkje
søndag 8. januar kl. 16.00!

Her blir det juletregong, andakt,
bevertning og godteposar til barna!



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelme og Blomvåg sokn



Dåp

Dåpen er ei feiring av livet!

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For påmelding og informasjon om dåp
gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap